

laurdag 07.12	Bygland hornmusikk og Vonheimkoret; Årdal Kyrkje	kl. 17.00	Jolekonsert med Øyvind Omnes
sundag 08.12	Kong Hane efft. og Bygland hornmusikk; Bygland kyrkje	kl. 18.00	Jolekonsert
måndag 09.12.	Kulturskule i Evje & Hornnes, Bygland, Åseral; Evjemoen Kino & Scene	kl. 18-19.30	Kulturskulen sin Jolekonsert 2019
tysdag 10.12.	Bygland kommune; Årdalshallen	kl. 18	Folkemøte om turveg på Byglandsfjord
fredag 13.12.	Landeskogen Fredssenter, Grendi	kl. 17.45	Lucia-feiring med små og store, kl. 17.45 fakkeltog frå RV 9 opp til Landeskogen
sundag 15.12.	Sandnes kyrkje, Åraksbø	kl. 18	Me syng jola inn
torsdag 19.12.	Kulturskulen; Evje og Hornnes bibliotek	kl. 17	Juleavslutning med besøk av «Ninjana»-forfattaren Karin Moe Hennie
	Bygland skule, Bygland kulturscene	kl. 18	Julefest for skulens elever og familier
fredag 20.12.	Oppvekstsentra på Bygland og Byglandsfjord		Siste skuledag! Me ønskjer elevar og lærarar god ferie!

REDAKSJONSNOTAT

Bilete: Frank Egil Reise, Sonja Lien Skjevraak, Siri Johannesen og Susanne Hegenscheidt.

Framsida: F. E. Reise; Kva skjer: S. Hegenscheidt. Tusen takk til alle fotografane!

Redaksjon: Susanne Hegenscheidt

Korrektur: Mari Rygg; Sonja Lien Skjevraak

Neste utgåve: 06. januar 2020

Byglandsnytt ønskjer alle god jol!



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117



Byglandsnytt nr.4 - desember 2019

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland – tlf. 37934700, post@bygland.kommune.no
Neste utgåve: 6. januar – tips om arrangement sender du til post@bygland.kommune.no innan 20.12

Jolehelsing frå rådmannen

Ein regntung og mørk november er tilbakelagt og vi er på veg inn i adventstida. Ei tid med forventningar om ei god og fredfull jole- og nyttårsfeiring for oss alle. Vi som bur i Noreg og Bygland kommune har mykje å glede oss over og vere takksame for. Vi bur i eit land med fred, gode sosiale velferdsordningar og god materiell velstand for dei fleste. Det er likevel viktig å vise omtanke og omsorg for dei som slit med sjukdom, er einsame eller ikkje har får sin del av velstanden i samfunnet.

Eit stort lyspunkt i ein grå november har vore ei verdig markering av 60 års jubileet på Byglandsheimen. Dei tidlegare ordførarane i Bygland Knut P Sandnes, Magnhild Rygg og Knut A Austad har teke initiativ til å gi ut eit flott festskrift om Byglandsheimen. Festskriftet er delt ut til alle husstandane i kommunen og det er kome mange gode tilbakemeldingar om alt som er omtala. Eg vil takke for dette fine initiativet.

I løpet av jubileumsveka var det også mange arrangement som fylte Byglandsheimen med mange gode aktivitetar og mykje god mat til både bebuarane og gjester. Dette har på ein god måte vist at det er godt å bli gamal i Bygland kommune. Eg vil nytte høve til å takke alle tilsette i pleie og omsorg i Bygland kommune for den gode jobben dei gjer for brukarane av dei ulike tenestene.

Eg vil ønskje alle i Bygland kommune ei riktig god førjølstid!

Med venleg helsing

Arneund Læwold



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Politiske møte, sakspapir og protokollar: www.bygland.kommune.no/innsyn

Formannskapet: 04.12. kl 15.00 – Plan, miljø og ressursutvalet: 19.12. kl 13.00 –

Rådet for Eldre og Funksjonshemma: 09.12. kl. 12.00 –

Ungdomsråd: 09.12. kl. 14.00 – Kommunestyret: 11.12. kl. 9.00

Streaming kommunestyremøte: <http://www.ddsetesdal.no/media/bygland.html>

Ver klar over at møteplanen kan bli endra.

Drift og Forvaltning

Vintervedlikehald i Bygland kommune

For å gjere vintervedlikehaldet på dei kommunale vegane endå betre, så ynskjer me at publikum melder ifrå om brøyting og strøing på følgjande telefonar:



- Vegareal frå Longerak og sørover: Tlf 918 63 403 eller tlf 945 32 945.
- Vegareal mellom Lauvdal og Storestraumen: Tlf nr 370 76 990. Denne roden blir administrert av Statens vegvesen, og utkalling av mannskapa skjer via deira brøytevakt. Det same telefonnummeret kan også nyttast for vegstrekninga mellom Senum og Storestraumen (Vestsida)
- Vegareal frå Storestraumen og nordover til Langeid: Tlf 918 63 403 eller tlf 945 32 945.

Utanom arbeidstid kan teknisk vakttelefon (tlf 970 04 745) formidle vidare eventuelle vintervedlikehaldsbehov på dei kommunale vegane.

Me oppmodar om at dei utøvande brøytemannskapa ikkje blir kontakta direkte. Dette slik at dei slepp å bruke tida i telefonen. Deira mål er å få brøyte mest og best mogleg når behovet er der. Dei gjer ein formidabel innsats når vèrgudane ikkje er på vår side. Alle vegar bli brøyta/strødd når mannskapa er ute. Utfordringa for ein mann er å vere tilstade for alle på same tid.

Kulturminneplan

Plan – miljø – og ressursutvalet i Bygland kommune vedtok i møte den 19.11.2019, sak nr 99 / 19 å leggje forslag til **temaplan for kulturminne** ut på høyring.

Høyringsfristen er 31.12.2019.

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117



KVA SKJER I BYGLAND? – Desember 2019

Bygland har mange arrangement å by på for barn og vaksne. Kom og bli med!

DATO	ARRANGØR; STAD	TID	ARRANGEMENT
sundag 01.12.	Coop Byglandsfjord	kl. 16.00	Julegateopning
	Byglandsfjord grendelag og Bedehuset; Årdalshallen	kl. 17.00	Adventsfest i Årdalshallen på Byglandsfjord
	Byglandsheimen	kl. 16.30	Gudsteneste med nattverd
	Årdal kyrkje, Grendi	kl. 19.00	Ljosmesse
måndag 02.12.	Coop Ose	kl. 18.00	Julegrantenning
tysdag 03.12.	Bygland frivilligsentral	kl. 16.30	Bygdemiddag
onsdag 04.12.	Bygdekinoen; Bygland kulturscene	kl. 17.30	Snekker Andersen og Julenissen
		kl. 19.30	Last Christmas
torsdag, 05.12.	Fredheim Bedehus; 5. klasse og oppover	kl. 19.00	Torsdagsklubb på Byglandsfjord

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Regelmessige arrangement i Bygland kommune

(delvis med unntak i ferier + høgtider; hør med arrangøren)

DAG	STAD	TID	ARRANGEMENT
måndagar	Byglandshallen	kl. 15.30	Teppebowl
(i partallsveker)	Årdalshallen	kl. 17.00	KRIK-mini 1.-5. klasse
	Årdalshallen	kl. 18.00	Styrketrening (familiar)
	Årdalshallen	kl. 19.00	Fotball for voksne
annankvar mån	Fredheim Bedehuset	kl. 17.00	Barnekor Byglandsfjord (02.12.)
tysdagar	Bygland frivilligsentral	kl. 11-12.45	Praktisk hjelp heime
	Bygland frivilligsentral	kl. 11.00	Gåtur på dagtid/Bygland
	Bibliotek Byglandsfjord	kl. 12-14.15	Bokkafé
	Årdalshallen	kl. 19.00	Volleyball
annankvar tys	Bygland frivilligsentral	kl. 12.00	Tysdagskafé (03. + 17.12.)
annankvar tys	Bygland frivilligsentral	kl. 18.00	Bingo (10.12.)
onsdagar	Bygland frivilligsentral	kl. 14-18	Utstyrssentral
	Årdalshallen	kl. 16.30	Barnetrim
	Årdalshallen	kl. 18.00	Styrketrening (damer)
1. ons/månad	Byglandsheimen	kl. 10-14	Handletur til EVJE (4.12.)
ons + fredagar	Symjehallen/Bygland	kl. 17-20	Familiebading (siste 20.12.)
torsdagar	Byglandshallen	kl. 13-15.30	Aktivitetskafé (ikkje i des.!))
	Årdalshallen	kl.19.00	Volleyball
normalt 1. og 3.tor	Bygland frivilligsentral	kl.18.00	Strikkekafé (ons 11.12.!))

Bygland Frivilligsentral - kontakttelefon: 945 10 770 – Aktivitetsplan for Bygland Idrettslag:
<http://www.bygland-il.no/>

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Send høringsuttalar til post@bygland.kommune.no eller Bygland kommune, sentrum 18, 4745 Bygland. Kontaktperson: tenesteleiar drift og forvaltning Kjell Øyvind Berg, tlf 379 34 052 eller mobil 918 63 403.

Høyringa er også offentleg publisert på Bygland kommune si heimeside:

<https://www.bygland.kommune.no/hoeyring-forslag-til-kulturminneplan.6264956-295156.html>

Feiing og tilsyn på hytte/fritidsbustad

Ifølge ny forskrift skal feiaren sjekke branntryggleiken og feie skorsteinen på alle hytter og fritidsbustader på lik linje med vanlege bustader.



Setesdal brannvesen IKS informerer om dette på heimesida si:

<https://www.sb-iks.no/feiing-og-tilsyn-paa-hyttefritidsbolig.6192850-481405.html>

Der tek brannvesenet opp følgjande punkt: - Når er det feiing og tilsyn på mi hytte? - Dette ser vi på - Krav til godkjent husstige og takstige/stigetrinn - Kva kostar det? - Kor ofte er det feiing og tilsyn? - Meldeplikt ved nyinstallasjon av peis, omn og andre ildstader

Ofte stilte spørsmål – med svar frå sakshandsamar Even Simensen:

- *Eg har fått faktura, men eg har ikkje hatt nokon feiar på besøk? Det stemmer svarer eg, ordninga er slik at du kan risikere at du ikkje får feia oftare enn kvart 8. år. Brannvesenet vil kontakte deg i god tid før feiing.*
- *Kvifor må eg betale feiegebyr kvart år når feiing ikkje blir gjort oftare enn kanskje kvart 8. år? Gebyret du betalar kan ikkje berre bli sett på som betaling for motteke teneste, men også som betaling for kommunen sitt lovkrav om å tilby feiing og tilsyn.*
- *Kvifor har kommunen starta med dette? Dette er ei nasjonal ordning som kommunen er pålagt å følgje.*

Les meir om § 17 Feiing og tilsyn med fyringsanlegg på DSB, direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, si heimeside:

<https://www.dsb.no/lover/brannvern-brannvesen-nodnett/veiledning-til-forskrift/ofte-stilte-sporsmal-til-forskrift-om-brannforebygging/#-17-feiing-og-tilsyn-med-fyringsanlegg>

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Klimaforbetrande tiltak

Kommunane er utfordra til å følgje opp med klimaforbetrande tiltak. Som ein del av dette arbeidet, har Bygland kommune som mange av kommunane på Agder, inngått avtale med *Klimapartner Agder*. Målet med dette samarbeidet er å redusere klimagassutslepp og stimulere til grøn samfunns- og næringsutvikling. Klimapartneraskap er eit offentleg – privat samarbeid som:

- Formidlar klimakunnskap
- Utviklar og fremjar grønne forretningsidear
- Skaper møteplassar for klimadebatt
- Samhandlar regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Bygland kommune sin klimakontakt er **Even Simensen**, men klimaarbeidet må finne stad på alle nivå i organisasjonen i ei samhandling.

Plan og utvikling

Innspel til Kommuneplanen - Barnetråkk og kafédialogar

I samband med revideringa av kommuneplanen sin samfunnsdel, har vi lagt til rette for brei medverknad i planprosessen.

I vår kom borna i skulen med innspel til korleis dei trivst i Bygland. Dei er glade i naturen og nyttar dei møteplassane som er. Dei er glade for dei fine idrettshallane og er aktive brukarar av mellom anna Hampefjell nærmiljøanlegg og friområdet på Presteneset. Enkelte stader i kommunen er det litt skummelt med omsyn til manglande gateljos og ukjente folk. Dei er opptekne av søppel som ligg i naturen og dei har nemnd nokre skuleveggar dei meiner er trafikkfarlege.

I haust har det vore dialogmøter med dei godt vaksne på deira møteplassar, og det har vore gode samtalar med bebuarane på Byglandsheimen. Vi har hatt fire kafédialogar der alle kunne delta og to for næringsdrivande. I tillegg har dei tilsette i kommunen fått kome med sine innspel.



Ordsky - innspel Barnetråkk



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Lokale arrangement

2. og 3. desember vil Setesdal brannvesen IKS kontrollere bustader. Kontrollen bli utført i samband med røykvarslerdagen som har som mål å sette fokus på branntryggleiken i private heimar.

På roykvarslerdagen.no finner du nyttig informasjon om tiltak som betrar branntryggleiken. Ønsker du ein bustadkontroll av oss, ver venleg å ta kontakt: Feiar - Knut Arne Nilsen, telefon: 995 35 440 (Kjelde: sb-iks.no/)

Påminning: Styrk din egenberedskap!

Kva gjer du om straumen skulle bli borte i fleire dagar, mobilnettet sluttar å virke eller det ikkje er vatn i springen? DSB (Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap) i samarbeid med Oslo kommune har lansert kampanjen "Du er en del av Norges beredskap"



Dei grunnleggjande behova som må dekkast dei første tre døgn av ei krise er: varme, drikke, mat, legemidlar, hygiene og informasjon.

Informasjon finn du her: dsb.no/egenberedskap og sikkerhverdag.no

Ditt eige beredskapslager:

Nedanfor er eit eksempel på kva ein kan ha i hus for å klare seg sjølv i tre døgn:

- 9 liter vatn pr. person
- To pakker knekkebrød pr. person, ei pakke havregryn pr. person
- Tre boksar middagshermetikk eller tre posar tørrmat pr. person
- Tre boksar pålegg som held lenge pr. person
- Nokre posar turka frukt eller nøtter, kjeks og sjokolade
- Medisin du er avhengig av; Førstehjelpspakke
- Ved-, gass- eller parafinomn til oppvarming
- Grill eller kokeapparat som går på gass
- Stearinljøs, lommelykt med batteri, parafinlampe, fyrstikker eller lighter
- Varme klede, pledd og sovepose
- Batteridreven DAB-radio, batteri, powerbank og mobilladar til bilen
- Våtserviettar og desinfeksjonsmiddel, turke-/toalettpapir
- Litt kontantar
- Ekstra drivstoff og ved/gass/parafin, raudsprit til oppvarming og matlaging
- Jodtabletter (til bruk ved atomhendingar)

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Gjenvinningsstasjonen på **Nesmoen** har ope:

2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 og 4. laurdag i månaden kl. 10.00 – 13.00. I desember er det ope onsdag 11.12. kl. 14.00-18.00 og laurdag 28.12. kl. 10.00-13.00

Strøsand kan du hente på Nesmoen i arbeidstida.

Syrtevit: fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00-14.30, torsdag kl. 08.00 -19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-1300 (14.12.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no tlf.: 37 93 17 00

Setesdal Brannvesen IKS informerer

Røykvarslaren sin dag 1. desember

Brannvesenet i Aust-Agder rykka ut til 34 bustadbrannar mellom kl. 23 og 07 i fjor. Det blir eit gjennomsnitt rett under tre nattbrannar kvar einaste månad - hele året igjennom - berre i vårt fylke. Nå ber Setesdal brannvesen IKS om at alle sjekkar røykvarslaren ved inngangen til dei mest brannfarlege månadane i året.

Bytt batteri i røykvarslaren

Alle bustader skal ha røykvarslarar eller brannalarmanlegg og du må ha minst ein varslar i kvar etasje. Alarmen skal kunne høyrast tydeleg i opphaldsrom og soverom, også når døra mellom romma er lukka.

- Ein fungerande røykvarslar er vaken og følgjer med, også når du søv. Sørg for å gå brannsesongen i møte med nye batteri, og kontroller at du høyrer varslaren godt, seier feiarformann Ole Pettersen.

Desember og januar mest brannfarlege

Desember og januar er dei mest hektiske månadane i året for brannvesenet i Noreg.

- Vi trekkjer innomhus, fyrer i peisen, lagar feit mat på komfyren, tenner ljøs og ikkje minst – drikk meir alkohol. Denne kombinasjonen er direkte brannfarleg, seier Pettersen.

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Det siste vi skal gjennomføre, er Gjestebod for ungdom og unge vaksne i løpet av desember.

Alle innspela vil vi nytte i arbeidet med revideringa av kommuneplanen og i arbeidet med å gjere dei kommunale tenestene enda betre. Nokre innspel krev lite med ressursar og kan realiserast raskt medan andre må inn i ein handlingsplan med lengre horisont. Vi må gjere prioriteringar og vi må ta vegval for å planlegge for ei ønska framtid.

Vi set stor pris på det store engasjementet og dei gode innspela frå alle som har bidrege.

Ny turveg i Byglandsfjord

Kor skal ein ny turveg på Byglandsfjord ligge?

Bygland kommune inviterer til **folkemøte 10. desember kl. 18 i Årdalshallen på Byglandsfjord.**



Vi ønskjer å få innspel frå dykk som bur på Byglandsfjord, om kor det er best å etablere ein turveg og kva slag aktivitet ein skal legge til rette for?

Vi ønskjer å legge vekt på:

- idrett og friluftsliv for alle
- fysisk aktivitet, helse og trivsel
- tilrettelegging i nærmiljøet
- friluftsliv i pakt med naturen (miljøvenleg tilrettelegging)

Heilårs turtraséar må vi tilrettelegge for flest mogelege brukarar og funksjonar. Dette kan vere:

- trasé som stimulerer til idrett og friluftsliv for alle – også for personar med ulike funksjonshemmingar
- mosjons- og treningsløype med faste dekke for brukarar med rulleskøyter/ski og rullestol
- skiløype der dei klimatiske forholda ligg til rette for det med natursnø
- turtrase for gåande, også dei med barnevogn og for jogging og sykling
- turveggar med ferdsselsåre som bind saman bustadområde, eller som bind saman

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

bustadområde med nærfriområde og idrettsanlegg eller som turtrasé ut av busetnad til utmark eller sjø- og strandareal

• turveg som tener som samband mellom for eksempel bustad, skule, arbeidsstad eller sentrumsfunksjonar

Postkasser til Byglandsnytt

I løpet av desember blir det hengt opp postkasser for Byglandsnytt

- ved den gamle butikken i Grendi
- ved den gamle butikken/postkassebua i Åraksbø

I dei postkassene kan de hente eksemplar av Byglandsnytt. Postkassene blir merka.



Økonomi og næring

Næring:

- Setesdal regionråd og Bygland kommune har løyvd kr 200.000 kvar i etableringsstøtte til **Kallhovd Sveis AS** som nyleg overtok og etablerte seg i det gamle Felleskjøpet-lokalet på Byglandsfjord. Kallhovd Sveis AS blir drive av Geir Olav Kallhovd og Johnny Mossing og har 4 tilsette. Setesdal Vekst v/ Siri Lande bidrog med rådgjeving i etableringsfasa.
- Roald Klungland har teke over som drivar av **Ose turistheim**. Målet hans er å vidareføre drifta slik den er i dag, men også tiltrekke seg nye kundegrupper m.a. ved å drive meir aktiv marknadsføring i sosiale media.

Økonomi:

Rådmannen sitt forslag til budsjett for 2020 er sendt til politisk handsaming i formannskapet, arbeidsmiljøutvalet, ungdomsrådet, rådet for eldre og funksjonshemma og plan-, miljø- og ressursutvalet. Budsjettforslaget er lagt ut til offentlig ettersyn på heimesida og på kommunehuset, med høyringsfrist 9. desember. Kommunestyret vedtek det endelege budsjettet 11. desember.

Helse og omsorg

Bygdekinoen (bygdekinoen.no) – onsdag 04.12. i Bygland kulturscene

Film 1, kl. 17.30: Snekker Andersen og Julenissen: Den vesle bygda som glømt at det var jul

Omtale

Dette er historia om ei lita bygd. Ho er omtrent som andre bygder sjølv om ho låg ganske for seg sjølv oppi åsen. Folk som budde i bygda var omtrent som andre folk... Nokre var store og nokre var små, nokre meinte ditt og nokre meinte datt. Stort sett som bygder flest, men når det gjaldt ein ting, var dei heilt like alle saman... Dei var så fæle til å gløyme. Og dei gløymde dei merkelegaste ting, alle på ein gong! No er dei på veg til å gløyme det viktigaste av alt...nemleg jula!

Billettpris: kr 90,-

Aldersgrense: tillate for alle **Språk:** norsk



Film 2, kl. 19.30: Last Christmas

Omtale

Romantisk komedie som har eit herleg soundtrack med songane til George Michael og Wham. Kate (Emilia Clarke) er notorisk flink til å alltid ta feil val. Botnpunktet kjem når ho må ta ein jobb som alv i ein julebutikk. Men der møter ho og forelskar seg i Tom, og lykka ser endeleg ut til å snu. Han lærer henne å setja pris på jula på ein heilt ny måte, men forviklingane har så vidt byrja. Sjå opp, Lova Actually - ein ny julefilmklassikar er på veg!

Billettpris: kr 110,-

Språk: engelsk; norsk undertittel - **Genre:** Romantikk



Tømekalender for Bygland kommune – desember 2019

Papir og plast: veke 49: tysdag, 03.12.

Matavfall og glas/metall: veke 49: torsdag 05.12.

Matavfall og restavfall: veke 51: torsdag 19.12.

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Kontakt:

Anne Fauske/Bygland frivilligsentral

tlf.: 94510770 - Sentrum 18, 4745 Bygland

e-post: post@bygland.frivilligsentral.no



Tilbod

- Handletur til Evje
- Bingo
- Besøksven
- Bygdemiddag
- Følgjehjelp (lege/tannlege)
- Tysdagscafé
- Gåtur på dagtid/Bygland
- Lytteven
- Matombringning
- Person/vare-transport
- Hjelp heime: ved, strøing, vask, plenklypp
- Rickshawsykkel
- Strikkekafe
- Utstyrssentral
- Aktivitetskafe
- Gratis leige av møteplass
- mykje meir ☺

Bygland lag og foreningar

Oppdatert 27.11. Info/tillegg sendast via e-post til post@bygland.kommune.no

LAG og FORENINGER Bygland/Byglandsfjord			
Oppdatert: 27. november 2019			
Lag / Forening	LEIAR	MOBIL	EPOST
Bygland IL	Leif S Helle	95052813	leif.sigurd.helle@bygland.kommune.no
Bygland Jeger og Fiskarlag	Morgan Igland	91673438	morigl75@gmail.com
Bygland Ungdomslag	Oddbjørn Berg	95945165	berg123@online.no
Bygland Helselag	Arve Rauk	46474411	arve.rauk@gmail.com
Framsteg 4H	Anja Nomeland/Ingrid Bue	95905921	
Bygland Bygdekvinnelag	Solfrid Vestrom	90649462	solfrid.vestrom@bygland.kommune.no
Bygland Husflidslag	Gro Tove Frafjord Sandnes	95041185	gro.sandnes@bygland.kommune.no
Bygland Skyttarlag	Olav K. Sandnes	91802376	Olav67@gmail.com
Byglandsfjord Barnekor	Else Norunn Greibesland	93883553	
Kong Hanes Etterfølgere	Siv Eline Jacob Granheim	93019290	siveline@live.no
Austad leikarring	Irene Moe	97660811	irene.moe@bygland.kommune.no
Byglandsfjord Grendelag	Kirsten Lømsland	48256857	
Bygland Hornmusikk	Marit Vegusdal	41511136	
Bygland Mållag	Sigrid Åsen Haugsgjerd	41185583	sigrid.haugsgjerd@gmail.com
Mekkeklubben	Finn Oscar Røsmø	37934228	
Bygland Luftsportklubb	Amun Røstøen Løvland	94008345	post@blsk.no
Krik mini Byglandsfjord	Janne Nesse	48238753	
Setesdal Revmatikerforening	Kathe Merete Kjetså	91853278	setesdalen.ag@revmatiker.org
Torsdagsklubben på bedehuset / Byglandsfjord	Sigmund Lien	95052804	
Setesdal Spelemannslag	Astri Rysstad	91575925	astrirysstad@gmail.com
Setesdal Sogelag	Vidar Toreid	90629047	vidar@toreid.no
Bygland filmklubb	Oddbjørn Berg	95945165	berg123@online.no

OBS! Nytt lag i Bygland: Bygland filmklubb ☺

Byglandsheimen 60 år

I samband med at Byglandsheimen er 60 år har Magnhild Rygg, Knut P. Sandnes og Knut A. Austad med redaksjonell hjelp av Setesdølen utgjeve eit flott jubileumsskrift «Byglandsheimen 60 år». Heftet er delt ut til husstandar i kommunen, men du kan òg kjøpe det på biblioteket på Bygland/Byglandsfjord for kr 100.



Påminning: Influensavaksine hausten 2019/vinteren 2020

Vi er no i gang med influensavaksinering. Du kan få vaksinen på legekantoret på Bygland på måndagar, tysdagar og torsdagar kl. 09.00 – 14.30, og på legekantoret på Byglandsfjord onsdagar og fredagar frå 09.00 – 14.30. Ver klar over at det kan oppstå kø, og at de i tillegg må sitje på venterommet i 20 minutt etter vaksinering. Det må og vere ein lege til stades, difor er det lurt å avtale tid på førehand. Prisen for vaksinen er kr 250 (inkl. eigenandel).

Risikogrupper som årleg bør vaksinere seg mot sesonginfluensa, og som kan få vaksine:

- Alle frå og med fylte 65 år
- Bebuarar i omsorgsbustad og sjukeheim
- Gravide etter 12. svangerskapsveke (2. og 3. trimester). Gravide i 1. trimester med annan tilleggsrisiko kan vurderast for vaksinasjon
- Barn og vaksne med:
 - diabetes mellitus, type 1 og 2
 - kronisk lungesjukdom (inkludert astma)
 - kronisk hjarte- og karsjukdom, spesielt personar med alvorleg hjartesvikt, lågt minuttvolum eller pulmonal hypertensjon
 - kronisk nyre- eller leversvikt
 - kronisk neurologisk sjukdom eller skade, spesielt personar med nedsett lungekapasitet
 - nedsett infeksjonsresistens
 - svært alvorleg overvekt (kroppsmasseindeks - KMI - over 40)
 - andre alvorlege og/eller kroniske sjukdomar der influensa er ein alvorleg helserisiko, etter individuell vurdering av lege

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

OPNINGSTIDER I BYGLAND KOMMUNE – JUL og NYTTÅR 2019/2020

Bygland / Byglandsfjord legekantor

23.12: kl. 8.00-15.30 **Bygland** - (telefonid kl. 8.00-15.00)
lokal legevakt kl. 15.30-23.00 - Arendal legevakt kl. 23.00-8.00



24.12: kl. 10.00-12.00 **Bygland** (telefonid kl. 8.00-12.00) -
lokal legevakt kl. 12.00-23.00 - Arendal legevakt kl. 23.00-8.00
25. og 26.12: lokal legevakt kl. 8.00-23.00 - Arendal legevakt kl. 23.00-8.00

27.12: kl. 10.00-14.00 **Byglandsfjord** (telefonid kl. 8.00-15.00) -
lokal legevakt kl. 15.30-23.00 - Arendal legevakt kl. 23.00-8.00
28./29.12: lokal legevakt kl. 8.00-23.00 - Arendal legevakt kl. 23.00-8.00
30.12: kl. 8.00-15.30 **Bygland** - (telefonid kl. 8.00-15.00)
lokal legevakt kl. 15.30-23.00 - Arendal legevakt kl. 23.00-8.00
31.12: kl. 10.00-12.00 **Bygland** (telefonid kl. 8.00-12.00)
lokal legevakt kl. 12.00-23.00 - Arendal legevakt kl. 23.00-8.00
01.01: lokal legevakt kl. 8.00-23.00 - Arendal legevakt kl. 23.00-8.00

Telefonnummer legekantor: **37 93 47 30** - legevakt: **116 117**

Bygland kommunehus

23.12: kl. 10.00-14.00

24.12 - 01.01: STENGT

Regulære opningstider frå og med **02.01.2020:** kl. 10.00-14.00

Folkebibliotek i Bygland og Byglandsfjord

23.12, 30.12 og 31.12: STENGT

NAV Bygland

23.12, 27.12 og 30.12: kl.12.00-14.00

24.12 og 31.12: STENGT

Setesdal barnevern

23. og 24.12: Hedda Helene Schaaning, tlf 901 34 195

27.12: Nora Mauseth Engesland, tlf 994 87 014

30. og 31.12: Cornelia Meinich Langfeldt, tlf 906 66 906

Vanleg kontaktinfo for barneverntenesta: Vakttelefon: 38 07 54 00 eller 116 111 (nasjonal alarmtelefon), open kvardagar frå 1500 til 0800. I helgane heile døgnet. www.116111.no/

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Gudstenester og andakter

Gudsteneste

sundag 01.12.

kl. 16.30, i arb.stoga/salen på Byglandsheimen
kl.19, Ljosmesse, Årdal kyrkje, Grendi

Jolaftan 24.12.

Kl. 13 Byglandsheimen; v/Harry Andersen
Kl. 14.30 Årdal kyrkje, Grendi; v/Erik Kjebekk
kl. 16 Bygland kyrkje; v/ Kjell Steinbru

1. juledag 25.12.

Kl. 16 Høgtidsgudteneste Sandnes kyrkje, Åraksbø; v. Kjell Steinbru

Andakt på Byglandsheimen

Tysdag 03.12. og 17.12. kl. 14

Jolekonsertar i kyrkja

Laurdag 07.12. kl 17, Årdal kyrkje, Grendi
med Bygland hornmusikk, Vonheimkoret og Øyvind Omnes

Sundag 08.12. kl.18, Bygland kyrkje

med Kong Hanes Eftf. og Bygland hornmusikk

Sundag 15.12. kl. 18, Me syng jola inn, Sandnes kyrkje, Åraksbø

Kyrjekontoret i Bygland

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472; Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711;

Prostidiakon: Per Emanuelsen: 977 19 173

Bygland Frivilligsentral

*Den 3. desember er det feiring av FN sin internasjonale dag for frivillig arbeid og juletreff for frivilligsentralen sitt team kl. 18-20. **TAKK FOR AT DU ER FRIVILLIG!***

Bygland frivilligsentral skal vere ein lokalt forankra møteplass, open for alle som vil ta del i det som skjer. Frivilligsentralen skal vere ein sentral aktør i lokalmiljøet og koordinere og legge til rette for frivillig arbeid.

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

